

Hjelmeland kommune
Kommunehuset
4130 Hjelmeland

Endeleg tilsynsrapport

Minoritetsspråklege elevar sin rett til særskild språkopplæring

Hjelmeland kommune
Hjelmeland skule – Årdal skule

1. Tema for tilsynet er minoritetsspråklege elevar sin rett til særskild språkopplæring jf. opplæringslova § 2-8, og kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system for å sikre at denne retten blir oppfylt jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. § 2-8 er foreslått endra ved å leggje til eit nytt 5.ledd som gir høve til å organisere eige innføringsstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar. Dette blir derfor ikkje ein del av tilsynet i denne omgang, men hovudpunktet i det nye 5.leddet vil bli gjennomgått på sluttmøtet.

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til at minoritetsspråklege elevar i grunnskolen får oppfylt sin rett til særskild språkopplæring. Dette er ein individuell rett, og gjennom kontroll med skoleeigar og skolane si etterleving av lovkrava i samband med dette, skal eventuelle lovbroter avdekkjast, og gjennom pålegg om endring skal desse forhold retta opp.

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapleg vurdering av skolen og kommunen. Rapporten gjeld berre resultat frå tilsynet med dette temaet.

2. Om gjennomføringa av tilsynet

Etter § 14-1 andre ledd i opplæringslova, har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skolar. Fylkesmannen har delegert fullmakt til å føre tilsyn, og skal ha tilgang til skoleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har blitt utført ved å innhente og vurdere dokumentasjon og munnlege opplysningar.

Framdrifta i tilsynet har vore følgjande:

14.12.12 - varsel om tilsyn med pålegg om innsending av dokumentasjon
18.01.13 - mottak av dokumentasjon
24.01.13 - formøte og gjennomføring av intervju
07.02.13 - sluttmøte/utsending av førebels rapport og varsel om pålegg
22.03.13 - utsending av endelig rapport med pålegg om retting

Følgjande personar er intervjuata:

Kommunalsjef oppvekst Anita Heggebø
Rektor Hjelmeland skule Terje Thornquist
Rektor Årdal skule Arne Sandanger
Lærar Hjelmeland skule Nina Bistrova
Lærar Hjelmeland skule Inger Johanne Svendsboe
Lærar Årdal skule Asbjørn Tjentland

3. Kva er kontrollert i tilsynet

Tema 1:

Opplæringslova § 2-8 jf forvaltningslova, og forskrift til opplæringslova § 1-1 bokstav e.

Rettslege krav

Elevar frå språklege minoritetar har etter § 2-8 i opplæringslova rett til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring:

"Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg legge til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartlegge kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykke frå elev eller føresette."

Elevar som fyller vilkåra for særskild språkopplæring kan ha rett til både særskild norsk, tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring. Kommunen må derfor tilby alle tre typar opplæring som er nemnt i regelen, så sant det kan skaffast eigna undervisningspersonale.

Føremålet med både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring er å lære eleven å bruke norsk som reiskapsspråk så raskt som mogleg. Når eleven har nok kunnskap i norsk til å følgje den vanlege opplæringa, tar retten etter denne regelen slutt. Særskild opplæring i norsk skal vere det viktigaste verkemiddelet for at minoritetsspråklege elevar skal tilegne seg god nok kompetanse i norsk for å få optimalt utbytte av skolegangen, og dermed god integrering i det norske samfunnet. Særskild norskopplæring er det første tiltaket som skal setjast inn. Dersom det er naudsynt, har eleven i tillegg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Elevar med svært avgrensa dugleik i norsk vil normalt i tillegg til særskild norsk, ha krav på tospråkleg fagopplæring, morsmål eller begge delar i ein overgangsperiode. Elevar skal derfor aldri givast morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring som eit første (og einaste) tilbod.

Morsmålsopplæringa kjem i tillegg til den vanlege opplæringa, og kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven går på til vanleg.

Forvaltningslova

Når kommunen tek stilling til eleven sine rettar etter opplæringslova § 2-8, er dette eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og forvaltningslova sine reglar for saksbehandling og utforming av enkeltvedtak skal følgjast. Slike enkeltvedtak kan pålagast til Fylkesmannen, jf. opplæringslova § 15-2. Det inneber mellom anna at kommunen må sørge for at det blir fatta skriftlege enkeltvedtak om rett til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Før det blir fatta vedtak

Eit vilkår for at elevane skal få oppfylt retten til språkopplæring i tråd med intensjonen i lova, det vil seie som ei overgangsordning fram til elevane har god nok kunnskap i norsk til å følge den ordinære opplæringa i skolen, er at kommunen gjennomfører ei reell kartlegging av norskkunnskapane til elevane. Berre på den måten vil elevane vere sikra at dei faktisk får opplæring i tråd med kunnskap og behov.

Det krevst ikkje sakkunnig vurdering, men skolen må gjere ei forsvarleg kartlegging av den språklege kompetansen eleven har i norsk, og ei vurdering av kva slag språkopplæring som vil vere mest eigna for eleven, jf. fjerde ledd i opplæringslova § 2-8 og forvaltningslova § 17. Manglande eller mangelfull kartlegging vil vere ein feil ved saksbehandlinga.

Føresette skal givast høve til å uttale seg før vedtak blir fatta, jf. forvaltningslova § 16.

Krav til vedtaket

Innhaldet i opplæringa må utformast presist. Det må gå fram kva slag opplæring som blir innvilga, og kva omfang denne skal ha. Vedtaket må også seie noko om organiseringa av opplæringa og val av læreplan. I følgje forskrift til opplæringslova § 1-1 bokstav e, kan kommunen velje om den særskilte norskopplæringa skal følgje tilpasset ordinær læreplan eller læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.

Alle enkeltvedtak skal ha individuell grunngiving, jf. forvaltningslova § 24. Det skal givast grunngiving for kvifor særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring blir gitt, eventuelt ikkje blir gitt. Grunngivinga må knytast til den kartlegginga og utgreiinga som er gjort før vedtaket blir fatta, jf. forvaltningslova § 25.

Føresette skal ha melding om vedtaket, og her skal det opplysast om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og den nærmere framgangsmåten ved klage.

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune oppretta i 2010 ei innføringsklasse på Hjelmeland skule. Alle skolane kan sende elevar til denne klassen, men per i dag går det berre elevar som høyrer til skolekrinsen i innføringsklassen. Det betyr at nykomne elevar som høyrer til skolekrinsen til Årdal skule, mottar heile undervisninga si der. Skolane i kommunen står fritt til å organisere særskild språkopplæring.

På Årdal skule blir nykomne elevar plasserte i ordinær klasse, men får norskopplæringa i eigen gruppe. Rektor har møte med foreldra til nye elevar så tidleg så mogleg, og har elles

foreldremøte to gonger om året, oftare om det er behov for det. På alle desse møta blir det brukt telefontolk om nødvendig.

Omfanget av den særskilde språkopplæringa varierer, men skolen prøver å få til ei økt dagleg. Skolen prioriterer integrering i den ordinære klassen, og så langt det lar seg gjøre deltek elevane med særskild språkopplæring i dei praktisk-estetiske faga saman med klassen sin. Skolen har hovudfokus på særskild norskopplæring, men prøver å ta inn fagopplæring i opplæringa så ofte som mogleg. Årdal skule nyttar tilpassa ordinær læreplan i den særskilde norskopplæringa, og tilpassar den og undervisningstema slik at elevane med særskild språkopplæring får opplæring i same tema som den ordinære klassen. All særskild norskopplæring er organisert i grupper. Ingen elevar har tilbod om tospråkleg fagopplæring eller morsmålsundervisning. Hovudgrunnen er mangel på kvalifisert personell.

Innføringsklassen på Hjelmeland skule er i utgangspunktet for elevar på 5.-10. trinn, og gir eit tilbod om maksimalt 10 timer i veka. Elevane går resten av timane i ordinær klasse, unntaket er barn av arbeidsinnvandrarar som skolen ikkje har fått melding om før dei kjem. Desse har berre tilbod i innføringsklassen i starten, medan skolen førebur klasse og vidare opplæring. Ein inspektør har tidlege møte med føresette til nye elevar, og her blir innhaldet i vedtaket om særskild språkopplæring forklart. Telefontolk blir nyttta ved behov. I starten er dei minoritetsspråklege elevane i lag med den ordinære klassen sin i dei praktisk-estetiske faga, men deltek meir og meir i klassen etter som norskunnskapane veks. Når elevane blir skrivne ut av innføringsklassen, vil dei vere meir i den ordinære klassen sin, men dei fleste har framleis særskild norskopplæring.

Den særskilde norskopplæringa blir gitt både i grupper og aleine. På intervjetidspunktet var ingen tospråklege lærarar knytte til skolen, men dei har tidlegare leigd inn lærar frå Strand, og dei har nyttar ressurspersonar i kommunen, til dømes foreldre. Skolen har blanda erfaring med sistnemnde gruppe, men dei følgjer tett med på kva folk som er i nærmiljøet.

Fylkesmannen har bede om å få tilsendt alle vedtak om særskild språkopplæring frå dei to skolane for skoleåret 2012/13. Frå Hjelmeland skule har vi mottatt 17 vedtak om særskild norskopplæring, 2 vedtak om avslag på særskild norskopplæring, 2 vedtak om tospråkleg fagopplæring og 6 vedtak om anna tilrettelagd opplæring. Vedtaka er fatta på forskjellige tidspunkt. Frå Årdal skule har vi mottatt 16 vedtak om særskild norskopplæring (12 av desse har bruk vedtaksmalen for morsmålopplæring), i tillegg til pedagogiske rapportar. Vedtaka frå Årdal skule er fatta i juli.

Intervju viser at Hjelmeland skule nyttar Utdanningsdirektoratet sitt kartleggingsverktøy, i tillegg blir nokre elevar frå ungdomstrinnet sende til Ryfylke læringssenter for å ta testen Migranorsk før dei eventuelt mister tilboden om særskild norsk.

Alle dei innsendte vedtaka frå Hjelmeland skule har hovudoverskrifta ”Enkeltvedtak særskild norskopplæring”, og underoverskrift som viser tilboden. Hovudoverskrifta bør endrast til ”Særskild språkopplæring” som er samleomgrepet for opplæringa.

Vedtaka om særskild norskopplæring har alle relevant grunngjeving, men nokre av dei bør vere meir direkte knytte til kartlegginga ved å vise til kva nivå eleven er på. Ingen av vedtaka om særskild norskopplæring har spesifisert kva for læreplan som blir nyttar.

Vedtaka som skolen har fatta om ”tilrettelagd fagopplæring” er slik vi forstår det fagopplæring som blir gitt fordi kommunen ikkje finn eigna undervisningspersonell på eleven

sitt morsmål. Slik tilrettelagd opplæringa har heimel i opplæringslova §2-8 tredje ledd. Dei innsendte vedtaka gjengir ikkje vurderingane som ligg til grunn, og det går heller ikkje fram av vedtaket at tilbodet blir gitt fordi kommunen ikkje finn eigna personell på eleven sitt morsmål.

Alle elevane med vedtak om slik tilrettelagd opplæring, har også vedtak om særskild norskopplæring. Derimot har ikkje elevane med vedtak om tospråkleg fagopplæring, vedtak om særskild norskopplæring. Opplæringslova gir ikkje høve til å tilby tospråkleg fagopplæring utan å gi særskild norsk. Eit av dei innsendte vedtaka omtalar likevel omgrepet ”norskopplæringa”, noko som kan tyde på at forståinga av omgrepa ikkje er korrekt. Det same vedtaket seier at opplæringa vil bli gitt i timane som er tildelte til spesialundervisning. Kommunen må tydeleg skilje kva som er spesialundervisning og kva som er særskild språkopplæring.

I følgje intervjuet fattar Hjelmeland skule enkeltvedtak ein gong om året, sjølv om tilbodet blir endra. Når timetalet til særskild norsk blir endra, eller eit tilbod blir tatt bort (til dømes tospråkleg fagopplæring), skal det fattast nytt vedtak.

Vedtaka må spesifisere om eleven er i innføringsklasse eller ikkje. Elevar i innføringsklasse kan fritakast frå kompetanseområde, men det må gå fram av vedtaka kva for kompetanseområde dei i så tilfelle er fritekne frå.

Årdal skule kartlegg elevane 3 gonger om året, men skil ikkje mellom minoritetsspråklege og andre elevar. På bakgrunn av desse kartleggingane skriv skolen 2 pedagogiske rapportar om året, som igjen utgjer grunnlaget for enkeltvedtaka om særskild språkopplæring. Sjølv om skolen tydeleg gjer ein grundig jobb med kartlegginga, så er det ikkje brukt relevant kartleggingsverktøy for dei minoritetsspråklege elevane, og kunnskapsgrunnlaget for enkeltvedtaka er derfor ikkje godt nok.

Vedtaka frå Årdal skule fell i to hovudkategoriar; den eine for elevar på 1. og 2. steg, og den andre for elevane frå 3. til 7. steg. Dei yngste elevane er tildelt 8 timer i veka, og dei eldste er tildelt 4 timer i veka, uavhengig av norskunnskapar. I intervjuet framkom det derimot at elevane får ulikt timetal basert på det nivået dei er på. Vedtaka seier at elevane får opplæring etter læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, mens det i intervjuet framkom at elevane får opplæring i tilpassa ordinær læreplan. Som grunngjeving for vedtaka blir det vist til pedagogisk rapport utan at innhaldet i denne blir tatt med. Dei innsendte vedtaka manglar såleis grunngiving i tråd med reglane i forvaltningslova §§ 24-25, ved at dei ikkje gjer greie for dei vurderingane som er gjorde. Vedtaka er med dette ikkje individuelt utforma og grunngitt. Vi merkjer oss likevel at dei pedagogiske rapportane er grundige, og at dei viser at det blir gjort individuelle vurderingar, men desse er altså ikkje nemnde i vedtaka.

Vedtaka for dei eldste elevane har hovudoverskrifta ”Enkeltvedtak norskopplæring framandspråklege” og underoverskrifta ”Enkeltvedtak om morsmålsopplæring for minoritetsspråklege elevar”. Desse må endrast for å vise at tilbodet som gjeld er særskild norskopplæring.

Konklusjon

- a. Ikkje alle skolane gjennomfører forsvarleg kartlegging med relevant kartleggingsverktøy av minoritetsspråklege elevar sin språkkompetanse, jf. § 2-8 fjerde ledd.
- b. Ikkje alle vedtaka om særskild språkopplæring er presise nok med tanke på korrekt tilbod, grunngjeving, timeomfang, val av læreplan, overskrift på vedtaka, og tydeleggjøring av om vedtaket gjeld innføringsklasse og kva kompetansemål det eventuelt blir gjort avvik frå.
- c. Det blir ikkje fatta nytt vedtak dersom tilbod, innhald og omfang av opplæringa endrar seg i løpet av året.
- d. Ikkje alle skolane fattar vedtak om tilrettelagd opplæring etter §2-8 tredje ledd, sjølv om elevane får tilbod om dette. Dei vedtaka som er fatta om tilrettelagd opplæring, manglar presisering av at tilboden blir gitt fordi kommunen ikkje får fatt i eigna undervisningspersonell på eleven sitt morsmål.

Tema 2: Opplæringslova § 13-10 andre ledd, jf. § 2-8

Rettslege krav

Opplæringslova § 2-8 regulerer retten til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar, medan § 13-10 andre ledd regulerer skoleeigar sitt ansvar for å sikre oppfylling av lovkrava.

I samband med tema for tilsynet, følgjer det at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om lovkrava for særskild språkopplæring blir oppfylte. Dersom ein finn at krava i § 2-8 ikkje blir oppfylte, skal kommunen kunne følgje opp med adekvate tiltak.

Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje tilhøve som er i strid med lov og/eller forskrift, og som sikrar at det vert sett i verk tiltak der det er naudsynt. Det inneber mellom anna følgjande:

- Skoleeigar må sjølv ta aktive grep for å sikre at regelverket blir oppfylt i eigen organisasjon
- Systemet skal kunne dokumenterast skriftleg
- Skoleeigar må sørge for tilstrekkeleg kompetanse i alle relevante ledd av verksemda for å kunne vurdere data og situasjonar opp mot lovkrava
- Skoleeigar må kunne beskrive systemet og kunne dokumentere at systemet er tilstrekkeleg kjent i relevante delar av verksemda
- Skoleeigar skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen
- Det skriftlege systemet skal vise kva rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering, kommunikasjon og samhandling som skal realisere føremålet med systemet
- Skoleeigar skal ha rapporteringsrutinar som sikrar vurdering av om tiltaka som blir sette i verk, verkar etter føremålet sitt
- Systemet må vere gjennomført i organisasjonen. Det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande med omsyn til om det er i samsvar med lovkrava

Dokumentasjon og vurdering

Hjelmeland kommune har eit delegeringsreglement som også gjeld på opplæringslova sitt område. Kommunen har likevel ikkje vidaredelegeret mynde til å fatte enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8 til rektorane. Dermed har ikkje rektor mynde til å fatte vedtak om særskild språkopplæring.

Kommunen har utarbeidd malar for enkeltvedtak, informasjonsskriv til føresette om språkopplæring for minoritetsspråklege og rutinar for innskriving av elevar som er nye i Noreg. Innsendt dokumentasjon og intervju visar at skolane kjenner til desse dokumenta, og at malane for enkeltvedtak blir nytta av begge skolane.

Det er også utarbeidd eit kvalitetssystem på området kalla ”Prosedyre for kvalitetsikring av rettigheter knytt til elevar frå språklige minoritetar jf opplæringslov”, og er datert 23.11.2011. Systemet er forma som ei sjekkliste, med ei kolonne for kommunalt nivå og ei kolonne for skolenivå.

I følgje systemet skal kommunalt nivå mellom anna lage kartleggingsverktøy, samle inn enkeltvedtak og vurdere dette mot lovkrav, og gi skolane tilbakemelding om forbetring. Systemet inneber at kommunen innhentar dokumentasjon frå skolane, vurderer den mot lovkrav og gir skolane tilbakemelding. Det er med dette etablert ei ”sløyfe” frå skole til kommunenivå og tilbake til skole.

Kommuneadministrasjonen har tilgang til alle vedtak via det administrative systemet web-sak, men enkeltvedtak er ikkje blitt diskutert, og skolane har ikkje fått tilbakemelding om vedtaka sine. Det er ikkje skriftleggjort når og kor ofte punkta i sjekklista skal utførast.

Intervjua viser at systemet er kjent på rektornivå, men ikkje tatt i bruk, og dermed kan ikkje systemet seiast å vere gjennomført i organisasjonen. Hjelmeland kommune har derfor ikkje eit forsvarleg system som er i stand til å avdekkje tilhøve som er i strid med lov og/eller forskrift på tilsynsområdet, og som sikrar at det vert sett i verk tiltak der det er naudsynt.

Konklusjon

- a. Hjelmeland kommune har ikkje delegert kompetanse til å fatte vedtak om særskild språkopplæring til rektorane.
- b. Kommunen har ikkje eit innarbeidd forsvarleg system for å sikre at kommunaleddet systematisk kontrollerer og følgjer opp at skolane oppfyller lovkrava på tilsynsområdet.

4. Pålegg om endring

På grunnlag av det som går fram av kapittel 3 gir Fylkesmannen følgjande pålegg:

Pålegg 1

Hjelmeland kommune må oppfylle lovkrava i opplæringslova § 2-8, jf. forvaltningslova (§§ 2 og 24-25) og forskrift til opplæringslova § 1-1 bokstav e. Kommunen skal sørge for at:

- a. Det blir gjort forsvarleg kartlegging med relevant kartleggingsverktøy av minoritetsspråklege elevar sin språkkompetanse før vedtak blir fatta og underveis i opplæringa, jf. § 2-8 fjerde ledd.

- b. Vedtaka om særskild språkopplæring får grunngiving etter krava i forvaltningslova §§ 24-25, og at dei er presise nok ved at dei gjengir korrekt omfang, val av læreplan og at overskrifta på vedtaket stemmer med tilbodet som gis. Det må fastsettast i vedtaket om opplæringa gjeld innføringsklassen og kva for avvik frå læreplanverket som eventuelt blir gjort, jf opplæringslova §2-8 femte ledd.
- c. Det blir fatta nytt vedtak dersom innhald og omfang av opplæringa endrar seg i løpet av året, jf opplæringslova §2-8 og forvaltningslova § 2.
- d. Skolane fattar vedtak om eit tilpassa opplæringstilbod etter § 2-8 tredje ledd for dei minoritetsspråklege elevane som det ikkje kan skaffast eigna undervisningspersonale til, og at det blir grunngitt kvifor slik opplæring blir gitt.

Pålegg 2

Hjelmeland kommune må oppfylle lovkrava i opplæringslova § 13-10, jf § 2-8. Kommunen skal sørge for at:

- a. Dei som skal fatte vedtak om særskild språkopplæring, har fullmakt til å gjere det.
- b. At det blir innarbeidd eit forsvarleg system for å sikre at kommunaleddet systematisk kontrollerer og følgjer opp at skolane oppfyller lovkrava på tilsynsområdet.

5. Oppfølging av tilsynsresultatet – krav om eigenerklæring om at lovbrota blir retta

Tiltak for å rette lovbroter skal setjast i verk med det same.

Hjelmeland kommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta og dokumentere at det er utarbeidd tiltak i samsvar med påleggna.

Frist for innsending av slik erklæring med dokumentasjon er 22.06.13.

6. Klageadgang

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan påklagast til Utanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre uker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til kommunen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Om utforminga av klage, sjå forvaltningslova § 32.

Stavanger 22.03.13
Med helsing

Una Bjørnseth Wereide
rådgivar

Thomas Wegner Thomassen
tilsynsleiar